

Innspel til «Offentlig høyring – kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune – avgrensa høyring» BN25 - Fylling av tunnelmasse i strandsona på Flatraket.

BN25 tilsvarer eit område fra Selje kommune si arealplan fra 2017, men er utvida på både austside og vestsida (sjå bilde). Det er ikkje gjort ny konsekvensutgreiing for området til denne høyringa.



Viser til konsekvensutgreiing fra første høyring av sjøarealplanen. Det var ei fylling som gikk lenger utover Flatraksvika, men heile strandlinja og dei første 120-190 meter med fylling er like.

Punktlista nedanfor er kopi av nokre viktige punkt fra konsekvensutgreiinga.

1. **Naturmangfald** **konsekvens -2/-1**
 - a. Større taeskogforekomst med verdi A, svært viktig
 - b. Tilgrensande område med skjellsand, verdi A, svært viktig
 - c. Bløtbunnsområde i strandsona, verdi C, lokalt viktig
 - d. Mangelfulle data elles for marint biologisk mangfald.
2. **Vassmiljø** **konsekvens -1/-2**
 - a. Område med høg bølגיעeksponering. Utfylling med sprengstein kan påverke vassmiljøet negativt med nedslamming, rester av sprengstoff, plast, og finpartiklar som kan påverke gyte- og oppvekstområdet. Ekstra utsett for utvasking pga. stor bølגיעpåverknad.
 - b. Ei fylling av denne storleiken vil også endre straumforholda langs vika.
3. **Landskap** **konsekvens -2/-3**
 - a. Stad/Sildagapet landskapsverdi av stor regional og nasjonal betydning og identitetsverdi, verdi A. Ei så stor utfylling i sjø vil gje vesentleg og negativ endring av kystlandskapet. Fyllinga vil dominere området. Fyllingsarealet vil bli mangedobla i forhold til i dag.
4. **Nærmiljø og friluftsliv** **konsekvens -1**
 - a. Lokalt viktig friluftsområde registrert i fylkesatlas. Kommunal registrering i 2020 som viktig område. Lokal badestrand nytta av skule og barnehage. Utfylling vil ha negativ verknad på strandsona og badeplassar, med stor markant fyllingsfot og kaianlegg tett ved. Her vil også kunne bli ei bakevje, med dårleg vassutskifting.
5. **Barn og unge** **konsekvens -1**
 - a. Strandsona nær bebyggelese, opphalds- og badeplass

Med så mange og store negative konsekvensar for natur og miljø er konklusjonen i konsekvensutgreiinga at dette området er ueigna for fylling av steinmasse, og satt på liste over ikkje tilrådde prosjekt. Vi meiner at samme konklusjon må gjelde for det nye arealet. Dei store negative konsekvensane gjeld langs land, ikkje langt ute på Flatraksvika.

I tillegg kan ein ta med at området ligg midt i Flatraksbygda, plassert slik at samtlige hus har utsikt mot området. Alle på Flatraket er glad i lange lyse sommarkveldar med lyset fra havet, og vakre solnedgangar over speilblankt vatn på Flatraksvika. Med ei slik fylling midt i utsikta vil dette ta slutt. All trafikk inn og ut av området må i tillegg gå gjennom bygda, og gjennom etablert boligområde.

Negative konsekvensar med å plassere industriområde midt i bygda.

- Støy i boligstrøk, skule- og friluftsområde
- Lysforureining midt i utsikta til alle hus på Flatraket
- Visuell øydelegging av ei flott bygd
- Tungtrafikk i boligstrøk og skuleveg
- Øydelagt bulyst, og vanskar med å vidareutvikle bygda

Badestrender

Kaia på Perneset vart forlenga med ca. 20 meter rundt 1980. Det vart samtidig fylt ut noko stein på Perneset. Dette førte til store endringar på Nergardsanden. Endring i straum og bølgeforld førte til at sanden ikkje lenger blir vaska opp i fjøra. Bilder før og etter dokumenterer dette. (*Sjå bilder nederst*). Grunneigarar og eldre folk i bygda kan bekrefte at Nergardsanden og Bakkesanden tidlegare var like fine. Nergardsanden er i dag tilnærma øydelagt som badestrand. Dette altså som følge av **20 meter** forlenging av kaia på Perneset. I dag er det planar om å forlenge denne kaia med ytterligere **120 meter**. Det vil trulig føre til alvorlige og permanente skadar på både Nergardsanden og Bakkesanden. Dette er sårbare naturområde som alle på Flatraket er glade i, og som vi har ansvar for å ta vare på.

Stad kommune har gjort tiltak som har vakt nasjonal oppmerksomhet for å ta vare på sandstrendene i Ervika og Hoddevika. Allemannsretten er brutt ved å forby camping på strandområdet. Dette for å unngå forsøpling og skade i sårbare naturområde.

På Flatraket er planen å tillate ei fylling som skal gå 120 meter utover blautsandområdet, som med stor sansynlighet vil gjere permanent skade på våre badestrender. Våre strender er ikkje like store og fine som Ervik og Hoddevik, men for oss som bur på Flatraket er dei like viktige og dei er mykje brukt.

Konklusjon

Stad kommune har ansvar for å ta vare på buområde og sårbare naturområde. Statsforvaltaren og fylkeskommuna har i sine uttaler til sjøarealplanen vore tydeleg på at fylling av stein i strandsona i utgangspunktet ikkje er ønskelig, og at ein evt. må finne område der dette gjer minst mogeleg skade. For oss som bur på Flatraket er det klart at her blir det gjort stor skade både på strandsone, fiskeplassar, friområde, badestrender, buområde og bulyst.

I sjøarealplanen står det. Sitat «*Formålet med planarbeidet er å legge til rette for meir næringsaktivitet i sjøområda, utan at dette kjem i konflikt med viktige naturområde, kulturminne, verneområde eller bruken av sjøområda som rekreasjon for fastbuande og besøkande.*»

Fyllinga på Flatraket oppfyller ikkje formålet med sjøarealplanen. Det er lett å finne områder som er betre eigna til steinfylling enn BN25, noko som kom fram i første høyringa til sjøarealplanen. Det er dårlig samfunnsplanlegging å bruke stein fra Stad skipstunnel til å bygge nytt næringsområde i eit boligstrøk, midt i utsikta vår, i strandsona og med stor sannsynlighet for å skade eller øydelegge sårbare naturtyper.

Vi ber om at BN25 blir tatt ut av sjøarealplanen, og at det ikkje vert tillate med fylling av stein på dette området.

